



TOKKE KOMMUNE  
Storvegen 60  
3880 DALEN

**Seksjon Klima, næring og innovasjon**

Vår dato: 15.12.2025  
Dykkar dato: 30.10.2025  
Vår referanse: 25/21242-2  
Dykkar referanse: 2025/193-20  
Vår saksbehandlar: Geir Sørnum

## **Innspel til høyring av planprogram og oppstart av arbeid med kommunedelplan for naturmangfald - Tokke kommune**

Telemark fylkeskommune viser til oversending registrert 30. oktober 2025 med varsel om oppstart av planarbeid av KDP Naturmangfald og høyring av framlegg til planprogram. Frist for innspel er sett til 15. desember 2025.

### **Bakgrunnen til varselet**

Tokke kommune har store og varierte naturverdiar av både regional og nasjonal betydning, men manglar eit samla og oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturmangfaldet i kommunen. Kartleggingar har til no vore gjennomført i samband med enkeltprosjekt, og dette gjer det krevjande å sikre ei heilskapleg og berekraftig arealforvaltning.

### **Rollene og ansvara frå fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune har fått varsel om oppstart av planarbeid av KDP Naturmangfald og høyring av framlegg til planprogram, i medhald av plan- og bygningsloven (pbl) § 11-13.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Innspelet frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og oppfordringar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

### **Innspelet fylkeskommunen har til varselet**

Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av planarbeidet som rører ansvarsområda våre:

### **Sektor samfunnsutvikling**

#### **Seksjon samfunn og plan**

Framlegget til planprogram viser til Telemarksplanen som ei føring for planarbeidet. Fylkeskommunen si vurdering er at ein plan for naturmangfaldet i Tokke vil kunne bidra til å utvikle Telemark i rett retning med omsyn til naturen. Vi ser gjerne at satsingsområdet Naturrike Telemark frå Telemarksplanen blir nemnt i planprogrammet, der i særleg grad hovudmålet om å bevare natur-, jordbruks- og kulturverdiar er viktig for planarbeidet om naturmangfald.

### Regionale planar

Telemark fylkesting vedtok 22. oktober 2025 (sak 82/25) å starte arbeidet med revisjon av Heiplanen, saman med Agder, Rogaland og Vestland fylkeskommunar, finansiert med midlar frå tilskotsordninga Natursats. Det skal oppnemnast ei politisk og ei administrativ referansegruppe med representantar mellom anna frå kommunane. Sentralt i arbeidet er villreinen sine leveområde. Vi ber kommunen supplere planprogrammet med denne regionale fjellplanen og arbeidet med revisjonen i omtalen av Heiplanen.

Vi viser òg til tiltaksplanen etter kvalitetsnormen for villrein i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder som var på høyring høsten 2025. Denne vil være viktig for vurderinga av leveområda for villrein i Tokke, og må innlemmast i arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald.

### Planfagleg rettleiing

Vi vil anbefale å supplere avsnittet til planprogrammet om prosjektorganisering med ei meir presis oversikt over deltakarar og roller i planarbeidet. Også avsnittet om framdriftsplan kan gjerne detaljerast med meir konkrete prosessledd, for å sannsynleggjere kva arbeidsoppgåver som må vere på plass for å ferdigstille planen innan den datoen som er sett 27. februar 2027.

## **Seksjon klima, næring og innovasjon**

### Klima og energi

Naturmangfald spelar ei rolle i å fange og lagre klimagassar. Det er viktig å sikre at ein sikrar karbonrike areal som for eksempel myr.

Naturmangfald spelar også ei viktig rolle ved å bidra til viktige økosystemtenester.

Klimaendringane som er venta framover aukar betydninga av å vareta økosystemtenestene frå naturen, i det dei er sentrale i å unngå negative konsekvensar av klimaendringane. Varetakast ikkje desse økosystemtenestene vil det å finne erstatningar for dei bety store økonomiske konsekvensar. I mange tilfelle vil svekking eller bortfall av desse tenestene ikkje kunne kompensast for.

### Vannressursforvaltning

Fylkeskommunen vil tilrå kommunen å ta utgangspunkt i regional plan for vassforvaltning for å få oversikt over miljøtilstanden og miljømåla for vassførekomstar i kommunen. Vassførekomstar med behov for tiltak for å oppnå miljømåla bør beskrivast, og eventuelle tiltak bør innarbeidast i handlingsplanen. Vidare vil vi tilrå at det blir utarbeidd eit utfordringsbilete over vassførekomstane til kommunen, og dessutan at forslag til planretningslinjer i regional vassforvaltningsplan blir innarbeidd i naturmangfaldsplanen.

### Vilt og fisk

Kommunedelplanar for naturmangfald vil ofte fokusera på artar og livsmiljø som ligg til statsforvaltaren sine ansvarsområde. Me håpar likevel kommunen også rettar merksemd mot haustbare artar av innlandsfisk og vilt, og teke vare på desse interessene. I den samanhengen

tilrår me også at dei kommunale tilrådingane for hjorteviltforvaltninga blir teke i betraktning i vidare prosess.

### Kulturarv

Naturmangfald og kulturarv påverkar kvarandre gjensidig, og saman dannar dei grunnlaget for heile natur- og kulturmiljøet vårt. Planprogrammet omtaler kulturlandskap, men vi vil peike på behovet for at kulturminne inngår tydeleg i kunnskapsgrunnlaget for temaplanen.

Mange av desse kulturminna ligg i, eller som del av, natur og kulturlandskap som skal vurderast og den bør behandle kulturmiljø og kulturlandskap som ein integrert del av naturmangfaldet. Ei tidleg avklaring vil gi eit meir presist grunnlag og redusere risiko for seinare konflikhtar og sikrar at kulturhistoriske verdier inngår i vurderingane av arealbruk.

Det vil vere formålstenleg at planen beskriv korleis kulturminnedata skal integrerast i vurderingane av verdifulle natur og kulturlandskap. Dette vil bidra til betre samanstilling av natur og kulturhistoriske omsyn.

Målet til planen om å motverke bit for bit nedbygging gjeld både natur og kulturmiljø. Ei parallell vurdering av konsekvensar for kulturminne innanfor prioriterte naturområde vil styrkje det samla avgjerdsgrunnlaget og bidra til ein meir heilskapleg temaplan.

Med helsing

Geir Sørum

geir.sorum@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.*